



Lindås kommune

Att:

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune Hordaland - Uttale til 1. gangs høring og offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel 2019-2031

Vi viser til brev frå Lindås Kommune datert 02.07.2019 om ovannemde sak.

Vår rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Planprosess og medverknad

Vi har gitt uttale den 13.09.2018 til det vedtekne planprogram som førevist i første høringsrunde. Vi lova då ei gjennomgang av låsettingplassar og fiskeplassar i kommuna, dette har vi ikkje hatt høve til å gjennomføre i denne omgang. Vi beklagar dette. Vi legg samstundes merke til at samtlege arealer avsatt til fiske er rullert med vidare i den nye arealplanen.

Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finn de i kartløysinga på Fiskeridirektoratet si heimeside www.fiskeridir.no/kart. Kartløysinga er open for alle og data om kystnære fiskeområde og godkjende akvakulturlokalitetar kan lastast ned til SOSI- og SHAPE-format.

Fiskeriinteresser og marint biologisk mangfald

- Plankartet

Vi ser positivt på at de har sett av registrerte fiskeområde, gytefelt og rekefelt som einkategori Fiske.

- Føresegnene

Det er positivt at det er knytt føresegner til områder sett av til fiske og at disse er tydelege på at det ikkje kan tillatast tiltak som er til ulempe for utøving av fiske eller som kan hindre torsken sin gytesuksess innanfor området. Vi er også glade for at det kjem fram at Fiskeridirektoratet skal høyrast ved regulering av sjøområde og tiltak i sjø.

I føresegnene § 3.5.10. Gyteområde, § 3.5.11. Trålfelt for reke og §3.5.12

Låsettingplass kan det heller stå at søknadar om tiltak i eller i nærleiken av felta skal leggest fram for Fiskeridirektoratet for uttale, ikkje fiskeridirektøren.

Akvakultur

- Plankartet

Samtlige arealer med akvakulturføremål frå førre arealplan er med vidare i planforslaget som er førevist.

- Føresegnene

Vi viser til e-post korrespondanse der de slår fast at formuleringer i føresegnenes §3.5.3 om område med potensial for akvakultur ikkje er med i plankartet og skal tas ut. Vi tar difor ikkje stilling til innhaldet i den paragrafen her.

Det bør framgå av føresegnene at fortøyingar til akvakulturanlegg/havbruksanlegg kan strekke seg utanom område sett av til akvakultur, men ikkje inn i områda som er sett av som einkategori fiskeområde. Fortøyingar som strekk seg inn i reketrålfelt vil vere til hinder for tråling.

Småbåthavner

Vi registrerer at det legges til rette for ein del utbygging av småbåthavner, det er positivt om disse samlast i større anlegg framfor mange små anlegg.

Vi legg ved et skriv med gode råd for å ivareta marint biologisk mangfold og det marine miljøet forøvrig i småbåthavner.

Vi ber om å få tilsendt vedteken plan. For spørsmål til vår uttale kan de ta kontakt med sakshandsamar.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Martin Mathisen
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.





Mottakarliste:

Lindås kommune

Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Kopi til:

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3

5003 BERGEN

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Kystverket Vest

Postboks 1502

6025 ÅLESUND

Vedlegg

Småbåthavner

